



Peter Couzens spelar Bach

Prestevikar, Ragnhild Due, la opp til ei forenkla gudsteneste med gode forklaringsar av julebodskapen til alle i kyrkja i ettermiddag,



[Ragnhild Due gjorde teneste denne gongen](#)

Med nær og god kontakt medkyrkjelyden

la ho vekt på Guds plan, Abrahams folk og det som førte fram til Jesu fødsel. Som avslutning på talen las ho juleevangeliet, ikkje til opning slik vi er vane å høyra det.

Tekstane var henta frå den nye omsetjinga av Bibelen 2011.

Noko uventa spelte organisten Peter Couzens Tocata av Bach som postludie.

Det er eit krevjande stykke vi sjeldan høyrer verta spelt i Uskedalen.

Han har ei engelsk organistutdanning med høg kvalitet.

Det er berre så lite vi høyrer han ta fram store klassiske stykke for orgel.

Vi vil høyra meir og gjerne den fullstendige Tocata og fuge i d - moll.

Framføringa hans i dag førte til spontan klapp frå kyrkjelyden

Kyrkjetenaren, Oddbjørg Heimark, minna oss på julefestane

og at det faktisk er lov å gå på gudtenster i andre kyrkjer i Kvinnherad.

Vi har nok å ta av, heile 12 kyrkjer.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Kyrkja var godt besøkt julekvelden